

Spørsmål til spørjetimen 19.mai 2016

Veglys på fylkesveg 565 strekninga Marås - Manger.

Me vil med dette etterlyse veglysutbygginga på denne strekninga som det har vorte bevilga kr 250.000 til for forrige år.

Viser til artikkel i Strilen 05.12.14 som omhandla fylket sitt vegbudsjett for 2015:

«På Fv 391 Mundal - Leknes skal det nyttast 150.000 kroner til veglys. Det same skal skje på Fv 565 Manger - Marås på Radøy. Summen her er 250.000 kroner.»

Frå Plan og Byggeprogram for fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen) for 2015 frå Hordaland fylkeskommune står fylgjande:

«Fv. 565 Manger – Marås, Radøy

Det er mangelfullt tilbod for mjuke trafikantar langs ei strekning på 350 meter. Det er mange avkjørsler og lite oversiktelege svingar.

Det er behov for å sette opp veglys. Det vert sett av 0,25 mill. kr til tiltaket.»

Kva er status i denne saka no??

Med helsing

Jan Tore Hvidsten

Ann-Kristin Mangerøy

Frode Hervik